



Fløysand VA, as  
Fløksand  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4139 - 16/7724

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
21.04.2016

## Godkjenning - GBNR 6/23 - utslepp til minireinseanlegg.

### Administrativt vedtak. Saknr: 100/2016

**Tiltakshavar:** Einar Karlsen v/Marit Holm Monsen  
**Ansvarleg søkjar:** Fløysand VA  
**Type utslepp:** Sanitært avlaupsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5  
Godkjenning etter plan- og bygningslova § 20-1

#### Saksutgreiing:

Det i søknad, journalført 02.03.2016, og supplerande dokumentasjon journalført 05.04.2016, søkt om utslepp frå ein fritidsbustad i Bjørndalen, gbnr 6/23.  
I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg med etterpolering.

Det skal installerast vassklosett i fritidsbustaden. Det er også søkt om tilkopling til kommunalt vassverk.

#### Nabovarsling:

Utsleppet vart nabovarsla 02.04.2016 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje merknader til tiltaket. Administrasjonen er samd med søkjar i at det ikkje er trong for ytterlegare nabovarsling i denne saka og stiller difor ikkje krav om dette.

#### Erklæring av ansvarsrett:

Føretaket Fløysand VA as har erklært ansvarsrett, jf plan- og bygningslova § 23-3.

#### **Vurdering:**

##### Planstatus:

Fritidseigedomen gbnr 6/23 fekk i 28.04.2015, sak UDU 34/2015, dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel (KPA) og det generelle forbodet i pbl § 1-8 mot byggjetiltak i 100-meterbeltet langs Rylandsvassdraget for oppføring av tilbygg og terrasse. Tiltaket krev ikkje ytterlegare dispensasjon.

Eigedomen ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg med etterpolering. Det er ikkje mogeleg å føra avlaupet til sjø.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstiller NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jfr § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

## Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5, utsleppsløyve frå ein fritidsbustad, 5 pe, på gbnr 6/23 i samsvar med søknad journalført 02.03.2016 og supplerande dokumentasjon journalført 05.04.2016 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng/etterpolering på eigen eigedom.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til etablering av minireinseanlegg på gbnr 6/23, i samsvar med søknad journalført 02.03.2016 og supplerande dokumentasjon journalført 05.04.2016. Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan, journalført 05.04.2016, jf plan- og bygningslova § 29-4.»

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

### Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Utslepp 6-23

**Kopi til:**

Einar Karlsen v/Marit Holm Monsen	Kongshavnveien 19	5179	GODVIK
-----------------------------------	----------------------	------	--------

**Mottakere:**

Fløysand VA, as	Fløksand	5918	FREKHAUG
-----------------	----------	------	----------